

# Emneevalueringssrapport / course evaluation report ISV

Lastet ned: 4. februar 2026 kl. 12:01

Svar-ID: 39959845

Lvert: 08.01.26 18:01

Viktig informasjon før du leverer emneevalueringssrapporten:

Alle våre evalueringssrapporter publiseres på UiOs nettsidene etter at programrådet har godkjent dem, og er da tilgjengelige for allmennheten. Språkbruk må gjenspeile det.

## Navn til emneansvarlig \*

Elisabeth Bakke

## Semester

Høsten 2025

## Velg kursnivå \*

Bachelorkurs

## Emnekode \*

STV1501

## Emnenavn

EU som politisk system

## Emnerapport

### 1. Studentenes tilbakemeldinger \*

Oppsummer de viktigste tilbakemeldingene fra studentene.

Forelesingar: informative, oppklarande og fine, særleg fordi det er mykje engelsk pensum. Ingen var spesielt dårlege og rekkefølga fungerer fint, med institusjonar først. Emnekontakten likte personleg forelesinga om Noreg godt. Hen hadde notert seg at folk var uvanleg stille, og meinte det kunne skuldast at dei ikkje kjente kvarandre frå før.

Canvas: Informasjonen var ryddig og fin; bra med inndeling i modular.

Pensum: grei mengde pensum, men det kunne bli litt mykje enkelte veker – særleg når det var mange artiklar til ei forelesing. (Denne kommentaren galdt politikkområde og partisystem). Dette kan kanskje løysast ved å flytte enkelte artiklar fram.

Lærebøkene er forståelege. Emnekontakten likte McCormick godt, sjølv om den er litt utdatert.

Artiklane er også i all hovudsak greie, men Føllesdal & Hix verkar veldig utdatert.

### 2. Helhetlig vurdering av emnet \*

Gi din faglige vurdering av kvaliteten på emnet. Inkluder en refleksjon over læringsutbytte, undervisningsformer, særlig studentaktive undervisningsformer, og andre relevante temaer i lys av [instituttets strategiske mål for undervisning](#).

Dette er et godt innkjørt emne som eg har hatt ansvaret for sidan 2016. Kjernen i kurset er som kurstittelen seier ei innføring i EU som politisk system, med hovudvekt på institusjonar og politikkområde. I tillegg er det eigne forelesingar om partisystemet på europeisk nivå, utvidingsprosessar og Brexit, europeisk identitet og demokrati i EU, og forholdet mellom Noreg og EU, med hovudvekt på EØS. Hovudstrukturen i kurset har vore den same sidan starten.

I og med at dette er eit innføringsemne, er det berre forelesingar. Eg har laga øvingsquizzar til forelesingane som hjelp i arbeidet med stoffet. Dette er eit frivillig tilbod, og det varierer i kva grad studentane nyttar seg av det.

Pensum består av to lærebøker: McCormick og Olsen et al, der sistnemnte er på norsk. Begge er frå 2020, og tar til å bli utdaterte, men det kjem ei ny utgåve av McCormick i februar 2026. I tillegg består pensum av forskingsartiklar som utdjupar tema som er overflatiske (eller ikkje) dekt i lærebøkene.

Aktiviteten og frammøtet på forelesingane varierer noko frå semester til semester. Årets studentkull var relativt tause, men det var eit par pensjonistar til stades som stilte gode spørsmål. Emnet gjekk seint på dagen, og det har kanskje påverka frammøtet negativt denne gongen. Eg trur det er ein fordel om det går tidlegare på dagen.

Resultata på eksamen er ikkje veldig forskjellige frå før. Strykprosent var litt lågare enn i 2023, men det var også prosenten som fekk A eller B. Det kan verke som mange ikkje har tatt inn over seg at dei også må lesa artikkelpensum for å ha sjansen til å få ein god karakter. Dei beste var til gjengjeld imponerende gode.

### 3. Justeringer siden forrige gjennomføring \*

Beskriv eventuelle justeringer som er gjort basert på tidligere evalueringer, samt endringer som er implementert i løpet av emnet.

Det var ikkje eg som hadde emnet i 2024 (pga. sabbath). Hovudendringa sidan eg sist hadde emnet i 2023 er at talet på forelesingar er redusert frå 11 til 10. Dette var eit krav frå undervisningsleiinga på ISV. Mellom 2021 og 2024 var det ei eiga forelesing om forholdet mellom EU og Storbritannia (Brexit) ved Øivind Bratberg. I 2025 valde eg å behandle Brexit saman med utvidingsbølgjene (slik som før 2021). Det fungerte greit. Det er som vanleg gjort mindre endringar i pensum, bl.a. som følgje av valet til Europaparlamentet i 2024. I tråd med tilbakemeldingane i 2023 innførte eg dessutan leserettleiingar i Canvas for forelesingar med mange enkeltartiklar.

### 4. Forslag til videreutvikling "Action points" \*

List opp muligheter for videre utvikling av emnet til neste gjennomføring.

Det er etter mi vurdering ikkje behov for å gjera store endringar i kurset, ut over å revidere pensum for å halde det mest mogleg oppdatert. Eg reknar med å byte ut McCormick 2020 med den nye utgåva, og vil også sjå etter alternativ til Olsen et al. Pensum om Europaparlamentsvalet er ikkje optimalt, så her ser eg også etter alternativ. Utfordringa er som alltid å finne artiklar som både er oppdatert og som eignar seg på bachelornivå. Det kan vera formålstenleg å kjøre ei lita bli-kjent-øving i første forelesing for å bryte isen og kanskje få litt meir dialog enn i 2025.

### 5. Behov for oppfølging gjennom programrådet \*

List opp eventuelle behov for oppfølging gjennom programrådet som følge av evalueringen.

Ingen.